



Wilhaven familiebarnehage ANS
Veråsvegen 69
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1867 - 14/7333

Saksbehandlar:
Jorunn Nøttveit Moen
JNO@lindas.kommune.no

Dato:
27.03.2014

Kommunalt tilskot for 2014 - korrigert vedtak

Lindås formannskap handsama i møte den 23.1.2014 ei sak om tilskot til dei private barnehagane, og det blei då gjort eit slikt vedtak:

1. Det blir framleis nytta eit teljetidspunkt, den 15. desember, med rapportering om tal barn, barnas alder og opphaldstid i barnehagane.
2. Tilskotssatsen til dekking av driftskostnader pr. heiltidsplass for ordinære barnehagar, små barn, blir fastsett til 170 819 kr.
3. Tilskotssatsen til dekking av driftskostnader pr. heiltidsplass for ordinære barnehagar, store barn, blir fastsett til 81 919 kr.
4. Tilskotssatsen til dekking av kapitalkostnader pr. heiltidsplass for ordinære barnehagar, blir fastsett til den nasjonale gjennomsnittssatsen på 9 100 kr.
5. Det blir delegert til rådmannen å avgjere eventuelle søknader om å få kompensasjon for vesentleg høgare kapitalutgifter enn gjennomsnittet.

Tilskotet for dykkar barnehage har vi for 2014 rekna ut til 1 347 920 kr.

For første kvartal 2014 har de fått utbetalt 321 680 kr. Ved å avrekne dette mot tilskotet for heile året, blir det att 1 026 240 kr for perioden april – desember. For perioden april – desember vil de få utbetalt 114 027 kr pr. måned. Førrige vedtak av 27.1.2014 var basert på feil rapportert oppholdstid, 33-40 timar i staden for 41 timar eller meir.

Reknearket som viser korleis tilskota har blitt rekna ut, vil bli ettersendt på epost.

Endeleg avrekning av tilskotet for 2013 vil bli gjort når kommunen sin årsrekneskap for 2013 ligg føre. Avrekninga vil bli korrigert i tilskotsutbetalinga for juli 2014.



Endeleg avrekning av tilskotet for 2014 vil bli gjort når kommunen sin årsrekneskap for 2014 ligg føre. Avrekninga vil bli korrigert i tilskotsutbetalinga for juli 2015.

Vi gjer merksam på at barnehageeigarar som gjennom året tek imot høgare tilskot enn det er tilskotsgrunnlag for, anten må betale tilbake eit tilsvarande beløp, eller får trekt frå beløpet ved utbetaling av tilskot ved eit seinare høve, eventuelt i samband med utbetalinga for året som kjem.

Vi gjer også merksam på at Lindås kommune kan omgjere vedtaket dersom vedtaket inneheld reknefeil eller andre faktiske feil, jf. forvaltningslova § 35, femte leddet.

Barnehageeigaren kan klage til fylkesmannen over Lindås kommune sitt vedtak innan tre veker etter vedtaket er kunngjort, jf. forvaltningslova § 28 og 29. Klagen skal sendast via Lindås kommune, jf. forvaltningslova § 32. Barnehageeigar har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27 tredje ledd.

Vi tek atterhald om at fylkesmannen og Riksrevisjonen kan kontrollere at tilskotsmidlane blir nytta etter føresetnadene, jf. Løyvingsreglementet § 10 og lov om Riksrevisjonen § 12.

Med helsing

Janne Sund
økonomi- og budsjettsjef

Jorunn Nøttveit Moen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Wilhaven familiebarnehage ANS

Veråsvegen 69

5955

LINDÅS